

Beitelag i viktig forhandling

26.01.2015



Ressursane i fjellet er viktige for beitelaga

Bjørnebøle og Fjellhaugen Beitelag har kome med innspel til forhandlingane som skal foregå mellom kommunen og SKL i samband med utbyggingsplanane i Midtbotn-Fjellhaugen. Dei 2 laga er på kvar si side av Blåelva ansvarlege for forvaltning av beiteressursane. Leiar Olav Hjetland Bringedal peikar mellom anna på at vassføringa i dag ofte er så låg at dyra på enkelt vis kan ta seg over til andre sida av elva. Dette har vore drøfta ved fleire høver.

Beitelaga held fram at det er heilt avgjerande med fleire og nye tersklar som kan heva vasspeilet, særleg no når det vert færre dagar med overløp i Blådalsvatnet. Der det er vanskeleg å laga tersklar må utbyggjaren ta utgiftene med oppsetjing og vedlikehald av gjerder eller anna stengje for beitedyra.

Driftevegar og liknande må tilbakeførast i same stand som får anleggsstart og flyttast i minst mogeleg grad. Det er også ynskjeleg å masseutskifta areala rundt nokre av kviene for å betra tiljenge forbeitebrukarane og parkeringstilhøva for jegarar og turgåarar.

Det vil ha stgor betydning for beitelaga å ha tilgang til hyttene som SKL disponerer i fjellet, særleg ved tilsyn og

sanking, Hytta ved Staffi var mykje brukt av beitelaga, men når den no er borte har ein ikkje lenger nokon tilhaldsstad.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen